

Arkiv: FE-004, HistSak-2014/4039
JournalpostID: <jplD> 20/30549
Saksbehandlar:
Dato: 25.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
061/20	Alver formannskap	11.06.2020
	Alver kommunestyre	

Årsrekneskap 2019 for Radøy, Meland og Lindås Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Meland kommune sin årsrekneskap for 2019
2. Kommunestyret godkjenner Radøy kommune sin årsrekneskap for 2019
3. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2019
4. Den udekka investeringsrekneskapen i Lindås kommune, kr 19 441 852 føres opp til inndekking i 2020 og vert finansiert i samband med 1. tertialrapport.

Alver formannskap 11.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 061/20 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Meland kommune sin årsrekneskap for 2019
2. Kommunestyret godkjenner Radøy kommune sin årsrekneskap for 2019
3. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2019
4. Den udekka investeringsrekneskapen i Lindås kommune, kr 19 441 852 føres opp til inndekking i 2020 og vert finansiert i samband med 1. tertialrapport.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Etter kommunelova § 48, første punkt skal kommune for kvart år arbeida ut årsrekneskap og årsmelding. Årsrekneskapen skal omfatta alle økonomiske midlar som vert disponert i året, og korleis dei er brukt. Alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i rekneskapen, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

Rekneskapen i Radøy og Meland vart avslutta utan å ta i bruk strykningsbestemmelsene i rekneskapslova. I Lindås kommune vart det overført 8 334 415 kr mindre frå drift til investering for avslutte rekneskapen i balanse (jfr. Note 9 i rekneskapen).

I 2019 mangla det finansiering av investeringane på 19 441 852 kr. Årsaka til manglande finansiering av investeringane i 2019, er både at det vart overført mindre frå drift til investering, og at det var budsjettert med ein inntekt på 16 mill. kr i investeringsrekneskapen i 2019. Desse inntektene kjem først i 2020.

Vedlegg i saken:

02.06.2020	Årsrekneskap med noter 2019 Radøy	1398881
02.06.2020	Årsrekneskap 2019 Meland kommune	1398879
02.06.2020	Årsrekneskap med noter 2019 Lindås	1398880
29.05.2020	Særutskrift av vedtak sak 36.20 - Alver kontrollutval	1398406
26.05.2020		